



Tilje Myklebust vart døypt i dag på ei internasjonal gudsteneste. Her saman med sokneprest Lina Håland, mor og far Heidi Camilla Pedersen og Kjell Arne Myklebust.

Ei internasjonal gudsteneste der teksten for dagen vart lesen på engelsk av Effi David frå Infia, ja, det var noko av det kyrkjelyden fekk oppleve i kyrkja i dag. Dåpsbarnet fekk namnet Tilje og Jeanne Børretzen (USA) og Lina Håland song gospel, Go tell on the Mountain. Offeret gjekk sjølvstilt til Umred, den nye barneheimen i Inda med plass til 100 born når alt er oppe og går.

Ekteparet Mary og Effi David fortalde om arbeidet for fattige born i Umred. Det heile starta i 2007 med leige av lokale der borna kunne bu medan dei gjekk på offentleg skule. Seinare vart det eige bygg med namnet Umred Children Home 50 km sør for Nagpur. Her er det plass til 100 born som kan bu på senteret i den tida ein får skulegang frå 1. til 10 klasse.



[Dagens tekst frå Matteus kap. 16 vart lesen på engelsk av Effi David.](#)

I dag er det Margun Håland, mor til soknepresten, som er ansvarleg for arbeidet frå Noreg. Mannen hennar, Sigmund Håland, er forretningsfører.

Teksten frå Matteus kap 16, vers 24 har overskrifta Fylg Jesus. Bodskapen i helsinga frå Mary og Effi David var å hjelpe foreldreause born, gje dei mat, klede, utdanning og ei framtid og på den måten leva opp til det Jesus sa til læresveinane om å fylgja han og løna kvar og ein ut frå det ein har gjort for dei som verkeleg treng det.

Gudstenesta i dag var for alle. Borna vart engasjert med teiknesaker framme på golvet ved globen. Det var nattverd og salmetekstane var både på norsk og engelsk. Marit Lindekleiv er som alltid god på orgelet med ledig og lett tonefylgje.

Meir frå kyrkjemiddagen i Helgheim og prosjektet Umred Children Home kjem i eige innlegg på Uskedalen.no.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Go tell on the Mountain framført av Jeanne Børretzen og Lina Håland med tonefylgje på orgel av Marit Lindekleiv.